

Retningsline for forvaltning av fylkesvise midlar i Klima- og miljøprogrammet 2016

Nasjonale målsettingar innan klima og miljø

Berekraftig landbruk er eit av måla i Stortingsmelding nr 9 (2011-2012) Landbruks- og matpolitikken «Velkommen til bords». Norsk landbruk produserer miljøgode som kulturlandskap og biologisk mangfald, og forvaltar kulturminne frå nyare og eldre tid. Samstundes medverkar landbruk til opptak og lagring av karbon. Dagens driftsformer påverkar det biologiske mangfaldet både i positiv og negativ retning og er ei kjelde til utslepp og forureining av luft, jord og vann. Landbruket er påverkar også direkte klimaendringane. Korleis kan vi vere med på å utvikle landbruket i Hordaland i ein ennå meir berekraftig retning?

Produksjonen må tilpassas dei forholda som naturen set, og landbruket må ta sin del av ansvaret for å redusere forureining og utslepp av klimagassar, og for å ta vare på naturmangfald og kulturminner i jordbrukets kulturlandskap. Landbruket i Hordaland skal følgje opp dei nasjonale måla med tilpassingar til dei regionale utfordringane knytt til landskap og driftsformar. Dei regionale utfordringane og prioriteringane er skildra i Regionalt Miljøprogram for perioden 2013 – 2016.

Tildelte midlar til Hordaland for 2016

Det er løyvd 18 mill. kr til Klima- og miljøprogrammet for 2016. Tema i programmet er klimatilpassing, klimagassutslepp, forureining, naturmangfald og kulturminne i kulturlandskapet. I budsjettmøte med avtalepartane 27.08.2015 vart det bestemt at 6 mill. kr skal gå til fylkesvise tiltak. Ramma er mellom anna fordelt ut frå innmeldte behov.

Ramma for 2016 er 2 mill. kr lågare enn ramma som blei fordelt i 2015.

Føremål med ordninga

Det er ein sentral målsetting i jordbruket at omsyn til klima og miljø vert ein integrert del av matproduksjonen. God kunnskap om jordbrukets tilpassing til klimaendringane viktig. Målretting av tiltak og verkemidlar må forankrast på eit godt kunnskapsgrunnlag. Informasjon og kunnskapsformidling er nødvendig for å skape oppslutnad om tiltaka i næringa.

Midlane for Hordaland skal gjennom utredningar og informasjonstiltak medverke til å oppnå landbrukspolitikken sine målsettingar på klima- og miljøområdet. Auka kunnskap om utfordringar og tiltak, effektive verkemidlar for næringsutøvarane, god kunnskapsoverføring frå forskning til praktisk jordbruk og oppdatert rådgjeving er sentralt i kunnskapsoverføring. Det er viktig å gjere jordbruket si rolle som produsent av miljøgode synleg. Ny kunnskap skal raskt kunne implementerast i praktisk jordbruk.

Bruken av verkemidla skal tilpassas utfordringane for jordbruket i Hordaland. Tilskota skal medverke til at informasjon om resultat og effektar av tiltak vert kjent hjå næringa og kan nyttast i praktisk jordbruk. Tilskot kan også nyttast til å informere om ordningane i Regionalt miljøprogram for Hordaland.

Tildeling av tilskot

Fylkesmannen i Hordaland lyste ut midlane 2.februar med søknadsfrist 15.mars, på Fylkesmannen i Hordaland sine nettsider, og ved brev til kommunane, landbruksrådgjevinga og kompetansemiljø. Ordninga forvaltast i tråd med retningsline for økonomistyring i staten.

Formål: tiltak som kan bidra til

- Redusert ureining knytt til tap av næringsstoff frå jordbruksareal til luft og vatn
- Tilpassing av landbruksdrifta til eit endra klima
- Halde nede forholdet mellom utslepp og binding av klimagassar i Hordaland
- Synleggjering av arbeidet med klima og miljø i næringa

- auka interesse og motivasjon for drenering
- tiltak for å sikre sårbare arter i jordbrukslandskapet

Tiltak kan vere informasjonstiltak, utredningsprosjekt, fagdagar og markdagar eller anna som er direkte retta mot næringa.

Krav til søknaden:

1. Omtale av prosjekteigar
 - a. Namn, organisasjonsnummer, Adresse, postnr, poststad, telefonnummer og e-postadresse
 - b. kontonummer,
 - c. Kontaktperson: Namn på kontaktperson/ansvarleg for prosjektet
 - d. Namn på eventuelle samarbeidspartnarar
2. Tittel på prosjektet
3. Prosjektperiode
4. Prosjektet sine mål, eventuelt delt inn i hovudmål og prosjektmål
5. Prosjektomtale:
 - a. Bakgrunn
 - b. Kva skal gjerast og korleis tenkjer de å gå fram?
 - c. Framdriftsplan
6. Økonomi.
 - a. Kostnadsoverslag
 - b. Finansieringsplan

1. Målgruppa for tiltaket skal i hovudsak vere landbruksføretak, anten direkte eller ved å skaffe informasjon som kan bli formidla vidare til landbruksføretak.
2. Til gjennomføring av fagdagar/markdagar kan det løyvast eit tilskot på inntil kr 8 000 per arrangement.
3. Til fagdagar/markdagar der det leigast inn ekstern foredragshaldar, kan det i tillegg løyvast eit tilskot på inntil kr 5 000. Dette skal gå til dekking av reise/oppald og eventuelt andre kostnader for innleidd foredragshaldar. Deltakarane bør betale ein eigenandel.
4. Utredningsprosjekt vurderast særskilt.
5. Tilskotsmottakar kan ikkje nytte tilskotet til å dekke ordinære drifts- og administrasjonskostnader.
6. Utbetaling skjer på grunnlag av oppmoding frå mottakar etter at tiltaket er gjennomført.
7. Det må følgje ein kortfatta rapport, med oversyn over rekneskap og finansiering frå tiltak med oppmoding av utbetaling med kontonummer.
8. Frist for gjennomføring av tiltaket er innan 2 år. Sluttrapport og oppmoding om utbetaling må sendast Fylkesmannen innan fristen som er satt. Løyvingar vert trekt tilbake om ikkje sluttrapport vert sendt inn innan fristen for gjennomføring.
9. Om kostnadene for gjennomføring av tiltaket vert mindre enn budsjettet, kan Fylkesmannen redusere tilskotet.
10. Fylkesmannen og Riksrevisjonen kan sette i gang kontroll for å undersøkje om tiltaket vert nytta etter vilkåra.
11. Fylkesmannen kan be om at tilskotet vert betalt tilbake dersom det ikkje er nytta etter føresetnad.

Rullering av retningsline:

Retningsline vert rullert ein gong i året på bakgrunn av årleg fullmaktsbrev frå Landbruksdirektoratet.